



DET KONGELEGE
JUSTIS- OG POLITIDEPARTEMENT

St.prp. nr. 26

(2000-2001)

Om endringer på statsbudsjettet for 2000 under diverse kapittel administrerte av Justis- og politidepartementet

*Tilråding frå Justis- og politidepartementet av 17. november
2000, godkjend i statsråd same dagen.*

1 Innleiing

Justisdepartementet legg i denne proposisjonen fram forslag om endringar i løyvingane under diverse kapittel i statsbudsjettet for 2000. Forslaga om endringar er baserte på rekneskapstal pr. 30. september 2000. Departementet vil streke under at tala for forbruk på dei regelbundne postane berre er prognosar, og at dei endelige rekneskapstala kan vike av ein del frå desse prognosane.

2 Forslag om endringer

Kap. 400 Justisdepartementet

I samband med behandlinga av revidert nasjonalbudsjett 2000 blei kap. 400 Justisdepartementet, post 01 auka med 5 mill. kr til etablering av Rådet mot organisert kriminalitet (ROK). Leiinga og sekretariatet til ROK vil bli lagt til Politidirektoratet. 5 mill. kr blir derfor foreslått overført frå kap. 400, post 01 til kap. 440, post 01, jf. omtale under kap. 440.

Kap. 405 Lagmannsrettane og kap. 410 Herads- og byrettane

Etter forhandlingar mellom Arbeids- og administrasjonsdepartementet og hovudsamanslutningane/Norsk Lærarlag 04.10.99 blei dommarstillingane tekne ut av virkeområdet til hovudtariffavtalen. I samsvar med protokollen frå desse forhandlingane skal Arbeids- og administrasjonsdepartementet avgjera lønna til dommarane i herads- og byretten og sjå på lønnsutviklinga opp mot utviklinga for dommarane i Høgsterett og leiarar i staten sitt leiarlønnssystem. Regjeringa har med verknad frå 01.10.00 vedteke å auke lønningane for dommarar i herads- og byrettane og lagmannsrettane. Vedtaket gir dommarane ein gjennomsnittleg lønnsauke på kr 35 000.

Som ein konsekvens av dette sett i forhold til gitt lønnskompensasjon blir det foreslått å redusere løyvinga på kap. 405, post 01 med kr 518 000 og kap. 410 post 01 med kr 208 000.

Kap. 410 Herads- og byrettane

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Posten dekkjer utgifter som etter rettsgebyrlova er inkluderte i rettsgebyret.

På bakgrunn av rekneskapstal og pårekna utvikling ut året blir det foreslått å auke løyvinga under kap. 410, post 21 med 9 mill. kr. Vedteke budsjett for 2000 er på 82,721 mill. kr.

Kap. 3410 Rettsgebyr

Post 01 Rettsgebyr

Posten dekkjer inntekter i samband med sivile saker, tinglysing, skjønn, tvangsforretningar, skifte, konkurs m.m.

På bakgrunn av rekneskapstal blir det foreslått å auke løyvinga under kap. 3410, post 01 med 45 mill. kr. Vedteke budsjett for 2000 er på 662,454 mill. kr.

Post 04 Gebyrinntektene til lensmennene

Posten dekkjer gebyra som lensmennene, i eigenskap av namsmenn, krev inn i samband med tvangsforretningar.

På bakgrunn av rekneskapstal blir det foreslått å auke løyvinga under kap. 3410, post 04 med 21 mill. kr. Vedteke budsjett for 2000 er på 91,865 mill. kr.

Kap. 430/3430 Kriminalomsorg*Post 21 Spesielle driftsutgifter og post 02 Inntekter frå arbeidsdrifta*

Kap. 3430, post 02 dekkjer inntekter frå arbeidsdrifta i fengselsstellet. På bakgrunn av rekneskapstal og pårekna utvikling ut året blir det foreslått å redusere løyvinga under kap. 3430, post 02 med 1 mill. kr, mot ein tilsvarende reduksjon i løyvinga under kap. 430, post 21.

Kap. 440 Politi- og lensmannsetaten/kap. 441 Oslo politidistrikt*Stillingar*

I samband med behandlinga av revidert nasjonalbudsjett 2000 blei kap. 440, post 01 auka med 60 mill. kr for å kunne tilby stillingar til alle studentar som blei uteksaminerte frå Politihøgskolen våren 2000. 80 av i alt 240 stillingar er fordelte til Oslo politidistrikt. Løyvinga på kap. 441, post 01 blir derfor foreslått auka med 18 mill. kr mot ein tilsvarende reduksjon av løyvinga under kap. 440, post 01.

Det blir også foreslått å overføre 4 mill. kr av tilleggs løyvinga på 60 mill. kr frå kap. 440, post 01 til kap. 440, post 45 til å dekkje utgifter til politioperativt materiell og investeringar knytte til dei nye stillingane.

Rådet mot organisert kriminalitet (ROK)

I samband med behandlinga av revidert nasjonalbudsjett 2000 blei kap. 400 Justisdepartementet, post 01 auka med 5 mill. kr til etablering av Rådet mot organisert kriminalitet (ROK). Leiinga og sekretariatet til ROK vil bli lagt til Politidirektoratet. 5 mill. kr blir derfor foreslått overført frå kap. 400, post 01 til kap. 440, post 01, jf. omtale under kap 400.

Behandling av asylsøknader frå Kosovo og gjennomføring av returar

Det er i dag i underkant av 6000 asylsøklarar frå Kosovo i Noreg. Desse kom til landet som følgje av krisen i Kosovo i 1999. Dei som kom til Noreg før 6. august 1999 fekk kollektivt vern i eitt år. Dette vernet har løpt ut, og dei personane som ikkje vender tilbake frivillig søker no om asyl.

Situasjonen som har oppstått ved at så mange personar søker om asyl er ekstraordinær, og ein må sette i verk ekstra tiltak for å behandle alle sakene på ein rask og forsvarleg måte.

Ein stor del av asylsøklarane skal politiet avhøre, og politiet skal sørge for uttransportering av dei som ikkje frivillig returnerer etter avslag på asylsøknaden. Utan tilleggs løyving vil ikkje politiet kunne gjennomføre avhør og

returar raskt, noko som så fall vil føre til monalege meirutgifter på Kommunal- og regionaldepartementet sitt budsjett til drift av statlege mottak. Politiet sine meirutgifter til dette arbeidet er venta å bli totalt 40 mill. kr.

I samband med behandlinga av St.prp. nr. 59 (1998-99) blei det gitt tilleggsøyving m.a. på Kommunal- og regionaldepartementet sitt område. Utviklinga blei ei anna enn det som blei lagt til grunn i St.prp. nr. 59 (1998-99), og det oppsto eit mindrebehov på Kommunal- og regionaldepartementet sitt budsjett for 1999 på om lag 475 mill. kr. Av dette blei det bestemt at 170 mill. kr på kap. 521, post 60 Integreringstilskott, skulle overførast til 2000 for å dekkje utbetalinga av integreringstilskott dersom busetjinga av denne gruppa skulle bli aktuell i år. Resten av mindrebehovet blei overført til Utenriksdepartementet og Justisdepartementet, jf. Innst. S. nr. 87 (1999-00). Det blir no lagt til grunn at hovudtyngda av kosovoflyktningane vil vende tilbake til Kosovo. Løyvinga som er satt av i 2000 til å dekkje utbetalinga av integreringstilskott kan ein derfor redusere, og totalt 40 mill. kr kan bli overførte til kap. 440, postane 01 og 21, for å dekkje dei ekstraordinære utgiftene ved behandling av asylsøknader og tilbaketransportering.

Regjeringa har bestemt at barnefamiljar ikkje skal transporterast tilbake i vinterhalvåret. Tilbaketransporteringane vil derfor i all hovudsak først skje i 2001. Utgiftene for politiet vil på grunn av dette fordele seg med om lag 22 mill. kr i 2000 og 18 mill. kr i 2001.

Det blir derfor foreslått at løyvinga på kap. 440, postane 01 og 21 for 2000 blir auka med respektive 16 mill. og 6 mill. kr. Dei resterande 18 mill. kr er det fremma forslag om å løyve på kap. 0440, post 21 i budsjettet for 2001, jf. St.prp. nr. 1 Tillegg nr. 2 (2000-2001).

Sjå også omtale av saken under Kommunal- og regionaldepartementet sitt kap. 521 post 60.

Politiets Datateneste (PD)- rekneskapsproblem

Ein produksjon av rekneskapsbilag på om lag 6,47 mill. kr datert 30.12.99 blei ikkje validert mottakarane av utbetalingane før 03.01.2000 og belasta oppgjerskontoen i Noregs Bank same dagen. Produksjonen blei ført i løyvingsrekneskapskapen for 1999. Utbetalingane må etter kontantprinsippet bli utgiftsførte i løyvingsrekneskapskapen for 2000. Dette betyr at utgiftene har blitt belasta rekneskapskapen både i 1999 og 2000.

Ein foreslår at beløpet blir gitt som tilleggsøyving på statsbudsjettet 2000, med følgjande fordeling:

Kap. 440, post 01 blir auka med 3,915 mill. kr

Kap. 440, post 45 blir auka med 2,510 mill. kr

Kap. 445, post 01 blir auka med 0,045 mill. kr.

Samla blir det foreslått å auke løyvinga under kap. 440, post 01 med 2,915 mill. kr, post 21 med 6,0 mill. kr og post 45 med 6,51 mill. kr.

Kap. 441/3441 Oslo politidistrikt*Post 03 Salsinntekter*

Inntektene på denne posten kjem i hovudsak frå salg av køyretøy. Utsiftinga av køyretøy i Oslo blir monaleg mindre enn påreknna. Det blir derfor foreslått å redusere løyvinga under kap. 3441, post 03 med 1,75 mill. kr til 50 000 kr, mot ein tilsvarande reduksjon i løyvinga under kap. 441, post 01.

Kap. 443 Oppfølging av innsynslova

På grunn av at arbeidet har komme i gang noko seinare enn planlagt, vil utgiftene i 2000 bli lågare enn det som er budsjettet, jf. også revidert nasjonalbudsjett 2000, der løyvinga under kapitlet blei redusert med 3 mill. kr. Det blir foreslått å overføre 1,2 mill. kr til kap 445, post 01. Av dette blir 0,5 mill. kr overførte frå kap. 443, post 01, og 0,7 mill. kr blir overførte frå post 70.

Kap. 445 Den høgare påtalemakta

Statsadvokatane i Trondheim skal flytte frå tinghuset til Statens hus ca. 01.11.2000. Husleige og driftsutgifter i dei nye lokala utgjer 125 000 kr i 2000. Statsadvokatane sin del av eingongsutgiftene utgjer 415 000 kr. Meirutgiftene for statsadvokatane utgjer såleis i alt 540 000 kr. Husleige og driftsutgifter i Trondheim har til no blitt dekkja over kap. 410 Herads- og byrettane. I samband med flyttinga blir 90 000 kr dekt over kap. 410, post 01. Resten av beløpet, 450 000 kr, blir dekt innafor overføring frå kap 443, post 01 og post 70 på til saman kr 1,2 mill. kr. Overføringa av 1,2 mill. kr inneber såleis ei reell styrking av budsjettet på kap. 445 med 750 000 kr. Dette er nødvendig fordi det ligg an til monalege meirutgifter ved Oslo statsadvokatembeter pga. særskilde belastningar innafor straffesakshandsaminga.

Ein viser til omtale under kap. 440 - Politiets datateneste. Det blir foreslått ei tilleggsloyving på 45 000 kr, slik at samla tilleggsloyving på kap. 445 post 01 blir 1,245 mill. kr i 2000.

Kap. 3449 Statens innkrevjingsentral*Post 82 Vegadministrasjonsgebyr*

På bakgrunn av rekneskapstal pr. 30.09.2000 blir løyvinga foreslått redusert med 5 mill. kr.

Post 85 Misleghaldne lån i Statens lånekasse

På bakgrunn av rekneskapstal pr. 30.09.2000 blir løyvinga foreslått auka med 10 mill. kr.

Kap. 3462 Registreringa i Brønnøysund

Post 01 Gebyrinntekter

Kap. 3462, post 01 dekkjer inntekter i samband med gebyrpliktige oppgåver som blir utførte av Brønnøysundregistra. Dette er inntekter frå tinglysingar, registrering/endring av foretak og avhending av registeropplysningar. Inntektene på posten er regelstyrte og blir påverka av saksmengda. Samanlikna med 1998 er det venta ein reduksjon i talet på tinglysingar og nyregistrering av aksjeselskap.

På bakgrunn av rekneskapstal og pårekna utvikling ut året blir det foreslått å redusere løyvinga under kap. 3462, post 01 med 27,3 mill. kr.

Kap. 3464 Statens Lotteritilsyn

Post 01 Gebyr

I St.prp. nr. 1 (1999-2000) blei det bevilga 27,5 mill. kr under nyoppretta kap. 464/3464 i samband med etablering av Statens Lotteritilsyn, som skal vere sjølvfinansiert ved hjelp av inntekter frå refusjonar og gebyr på dei tenestene som leverast. Kap. 3464, post 01 dekkjer inntekter i samband med gebyrpliktige oppgåver som til dømes behandling av søknader om godkjenning og autorisasjon, gjennomføring av trekningar, oppstilling av automatar, mv.

Både inntekts- og utgiftsløyvinga blei justert ned med 7,5 mill. kr i revidert nasjonalbudsjett 2000, jf. St.prp. nr. 61 (1999-2000) og Innst. S. nr. 220 (1999-2000). Det blei samtidig opplyst at det kunne bli aktuelt å måtte sjå forholdet mellom inntekter og utgifter over ein 2-årsperiode i etableringsfasen.

Etableringa av finansieringsordninga går seinare enn planlagd, jf. Ot.prp. nr. 49 (1999-2000) som inneheld forslag til lovendringar som vil sikre gebyrfinansiering av tilsynsordninga. På denne bakgrunn er det ikkje pårekna inntekter under kap. 3464, post 01 i 2000, og det blir derfor foreslått å redusere løyvinga under kap. 3464, post 01 med 20 mill. kr. Sjå også omtale av Lotteritilsynet i St.prp. nr. 1 (2000-2001) frå Kulturdepartementet.

Kap. 3465 Regjeringsadvokaten

Post 01 Erstatning for utgifter i rettssaker

Kap. 3465, post 01 dekkjer inntekter i samband med sakskostnader som staten blir tilkjend i sivile saker, og er derfor vanskelege å rekne ut. På bakgrunn av rekneskapstal ser det ut til å bli ein auke i inntektene.

Det blir derfor foreslått å auke løyvinga under kap. 3465, post 01 med 1,5 mill. kr.

Kap. 466 Advokatutgifter

Post 01 Driftsutgifter

Utgiftene på posten er regelbundne og blir påverka av saksmengda og sakene sitt omfang. Utgiftene er derfor vanskelege å rekne ut. Utgiftene dekkjer i hovudsak salærutgifter og reiseutgifter til advokatar og sakkunnige m.m.

Løyvinga for 2000 er berekna ut frå rekneskapstal for 1998 og dei pårekna meirutgiftene som følgje av auken i den offentlege salærsatsen i 1999. På bakgrunn av rekneskapstal ser det ut til å bli ei monaleg meirutgift under posten i 2000. Dei høge utgiftene ser særleg ut til å komme av at det sidan 1998 har vore ein monaleg auke i saksavviklinga og at stadig fleire av sakene er store og ressurskrevjande.

Løyvinga under kapitlet blei fram til 1998 budsjettert som ein del av løyvinga under tidlegare kap. 414 Undersøking- og domsutgifter. Rekneskapstala for 1998 var på kr 238 968 000 og for 1999 på kr 258 297 000, medan dei i 2000 er venta å bli i overkant av 310 mill. kr.

Det blir derfor på bakgrunn av rekneskapstal foreslått å auke løyvinga under kap. 466, post 01 med 45 mill. kr.

Kap. 470 Fri rettshjelp

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga under posten dekkjer utgifter til sakkunnige og meddommarar m.m. i saker der det er gitt fri sakførsel. Utgiftene er regelbundne og blir påverka av i kor stor grad publikum tek ordninga i bruk, og av saksmengda og sakene sitt omfang. Utgiftene er derfor vanskelege å berekne.

Det er venta ei meirutgift på posten i 2000. Dette kommer av at det har vore ein auke i talet på ikkje-behovsprøva saker for fylkesnemndene og at fleire av sakene er blitt store og kostnadskrevjande slik at timeforbruket aukar.

På bakgrunn av rekneskapstal blir det foreslått å auke løyvinga under kap. 470, post 01 med 1,7 mill. kr.

Post 70 Fri sakførsel

Løyvinga under posten dekkjer utgifter til advokatar i saker der det er innvilga fri sakførsel. Utgiftene på posten er regelstyrte og påverka av i kor stor grad publikum tek ordninga i bruk, og av saksmengda og sakene sitt omfang. Utgiftene er derfor vanskelege å rekne ut.

Det er venta ei monaleg meirutgift på posten i 2000. Dette kommer for ein stor del av ein auke i talet på ikkje-behovsprøva saker for fylkesnemndene sidan 1998, og at fleire av desse sakene og andre saker er blitt meir omfattande og kostnadskrevjande slik at timeforbruket aukar.

Rekneskapstala under posten for 1997 var på kr 113 587 000, for 1998 på kr 128 108 000, for 1999 på kr 142 360 000, medan dei i 2000 er venta å bli om lag 172,5 mill. kr.

Det blir derfor på bakgrunn av rekneskapstal foreslått å auke løyvinga under kap. 470, post 70 med 17 mill. kr.

Post 71 Fritt rettsråd

Løyvinga under posten dekkjer utgifter til advokatar i saker der det er innvilga fritt rettsråd. Utgiftene på posten er i stor grad regelstyrte og påverka av i kor stor grad publikum tek ordninga i bruk. Utgiftene er og påverka av saksmengde og omfanget av sakene. Utgiftene er derfor vanskelege å rekne ut.

Det er venta ei meirutgift på posten i 2000. Dette kommer av ein auke i talet på saker og truleg også at fleire av sakene er blitt meir omfattande og kostnadskrevjande slik at timeforbruket aukar.

På bakgrunn av rekneskapstal blir det foreslått å auke løyvinga under kap. 470, post 71 med 8 mill. kr.

Kap. 3470 Fri rettshjelp

Post 01 Eigendelar m.m.

Løyvinga under posten dekkjer inntektene frå mottakarar av fri rettshjelp som skal betale ein nærmare fastsett eigendel. Inntektene på posten er i stor grad regelstyrte og påverka av i kor stor grad publikum tek ordninga med fri rettshjelp i bruk. Inntektene er og påverka av saksmengde og omfanget av sakene. Inntektene er derfor vanskelege å berekne.

På bakgrunn av rekneskapstal blir det foreslått å auke løyvinga under kap. 3470, post 01 med 2,6 mill. kr.

Kap. 471 Statens erstatningsansvar

Post 70 Erstatning til valdsoffer, overslagsløyving

Løyvinga på posten dekkjer utbetaling av erstatning til valdsoffer og skal mellom anna dekkje tapt arbeidsinntekt, faktiske utgifter og i visse høve tap av forsørgjar. Utgiftene på posten er regelbundne og vanskelege å rekne ut.

På bakgrunn av rekneskapstal blir det foreslått å auke løyvinga på kap. 471, post 70 med 2,5 mill. kr.

Post 71 Erstatningsansvar m.m., overslagsløyving

Løyvinga går til å utbetale erstatningar der det oppstår statleg erstatningsansvar. Utgiftene er regelbundne og vanskelege å rekne ut.

På bakgrunn av rekneskapstal blir det foreslått å auke løyvinga på kap. 471, post 71 med 10 mill. kr.

Kap. 475 Bubehandling

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga under posten går i hovudsak til å dekkje utgifter i samband med tvangsoppløysing av aksjeselskap og konkurs, jf. konkurslova § 73. Utgiftene er vanskelege å berekne, då dei er knytte til talet på tvangsoppløysingar og den generelle aktiviteten i næringslivet.

Det er venta ei mindreutgift knytt til tvangsoppløysing av aksjeselskap. På bakgrunn av rekneskapstal blir det foreslått å redusere løyvinga under kap. 475, post 01 med 7 mill. kr.

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Løyvinga på posten dekkjer utgifter til bubehandling og gransking av bu der det er mistanke om økonomisk kriminalitet. Løyvinga dekkjer også utgifter til bubehandlinga av Anders Jahre sitt dødsbu.

Bustyrar i Anders Jahre sitt dødsbu har ikkje fått utbetalt salær sidan 1997, og eit eventuelt krav på salær var ikkje medrekna når behovet for midlar under posten i 2000 blei vurdert. Årsaka til at salæret ikkje vart utbetalt sidan 1997 var mellom anna usemje kring når salæret skulle utbetalast. I Agder lagmannsrett sin rettsavgjerd av 14. juni 2000 blei bustyrar gitt medhald i at salæret skulle utbetalast med endeleg verknad. Justisdepartementet fremma derfor kgl.res av 11.08.00 om fullmakt til vidare utbetaling til Anders Jahre sitt dødsbu.

På bakgrunn av det som er nemnd ovafor, rekneskapstal og reviderte overslag over buet sine utgifter i 2000 frå bustyrar i Anders Jahre sitt dødsbu, blir det foreslått å auke løyvinga under kap. 475, post 21 med 15 mill. kr.

Kap. 476 Eit historisk og moralsk oppgjer med behandlinga i Noreg av den økonomiske likvidasjonen av den jødiske minoriteten under den 2. verdenskrigen

Jødebo-oppgjeret består av ein individuell del og ein kollektiv del. Det er per 7. november 2000 utbetalt til saman 132 mill. kr i individuelle erkjentlighetsbeløp. I St.prp. nr. 82 (1997-1998) står det skrive: «Til det individuelle oppgjøret vil det...påløpe mellom 100 og 200 mill. kr. Hvis det viser seg at de individuelle utbetalingene utgjør et vesentlig mindre beløp enn 200 mill. kr, vil regjeringen vurdere å øke overføringene til det kollektive oppgjøret.» Det er løyva 25 mill. kr til det individuelle oppgjeret for 2000. Det er per 7. november 2000 nytta 5,1 mill. kr av desse midlane. Søknadsfristen utløp 1. november 1999. Justisdepartementet har likevel behandla søknader som med rimeleg grunn har kome inn etter utløpet av søknadsfristen. Ein har anslagsvis rekna med at ytterlegare 3 mill. kr må setjast av til individuelle erkjentlighetsbeløp for 2000. Etter dette vil 17 mill. kr av løyvinga i år stå unytta.

På denne bakgrunn foreslår Regjeringa å overføre 17 mill. kr frå det individuelle til det kollektive oppgjeret. Det blir i samråd med dei mosaiske trosamfunna foreslått å overføre midlane frå kap. 476, post 72 til kap. 476, post 70 Sikring av jødisk kultur og framtid i Noreg. Regjeringa vil i samband med

utviklinga i arbeidet for å opprette eit senter for studier av Holocaust og livs-synsminoritetar sin stilling i Noreg vurdere om det er aktuelt å løvye meir midlar til denne delen av det kollektive oppgjeret. Sjå også omtale av denne saka i St.prp. nr. 1 Tillegg nr. 4 (2000-2001) Om endringer i Arbeids- og administrasjonsdepartementets budsjettforslag 2001.

Justis- og politidepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar på statsbudsjettet for 2000 under diverse kapittel administrerte av Justis- og politidepartementet.

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r:

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om endringar på statsbudsjettet for 2000 under diverse kapittel administrerte av Justis- og politidepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag til vedtak om endringer på statsbudsjettet for 2000 under diverse kapittel administrerte av Justis- og politidepartementet

I.

I statsbudsjettet for 2000 blir det gjort følgende endringer:

Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
400		Justisdepartementet (jf. kap. 3400)	
	01	Driftsutgifter, blir redusert med	5 000 000
		frå kr 246 790 000 til kr 241 790 000	
405		Lagmannsrettane (jf. kap. 3405)	
	01	Driftsutgifter, blir redusert med	518 000
		frå kr 131 722 000 til kr 131 204 000	
410		Herads- og byrettane (jf. kap. 3410)	
	01	Driftsutgifter, blir redusert med	208 000
		frå kr 752 347 000 til kr 752 139 000	
	21	Spesielle driftsutgifter, blir auka med	9 000 000
		frå kr 82 721 000 til kr 91 721 000	
430		Kriminalomsorg (jf. kap. 3430)	
	21	Spesielle driftsutgifter, blir redusert med	1 000 000
		frå kr 38 448 000 til kr 37 448 000	
440		Politi- og lensmannsetaten (jf. kap. 3440)	
	01	Driftsutgifter, blir auka med	2 915 000
		frå 4 602 406 000 til kr 4 605 321 000	
	21	Spesielle driftsutgifter, blir auka med	6 000 000
		frå kr 30 311 000 til kr 36 311 000	
	45	Store utstyrskjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i> , blir auka med	6 510 000
		frå kr 203 894 000 til kr 210 404 000	
441		Oslo politidistrikt (jf. kap. 3441)	
	01	Driftsutgifter, blir auka med	16 250 000
		frå kr 942 900 000 til kr 959 150 000	
443		Oppfølging av innsynsloven	

Om endringar på statsbudsjettet for 2000 under diverse kapittel administrerte av Justis- og politidepartementet

	01	Driftsutgifter, blir redusert med	500 000
		frå kr 5 300 000 til kr 4 800 000	
	70	Erstatning, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med	700 000
		frå kr 1 700 000 til kr 1 000 000	
445		Den høgare påtalemakta (jf. kap. 3445)	
	01	Driftsutgifter, blir auka med	1 245 000
		frå kr 61 581 000 til kr 62 826 000	
466		Advokatutgifter m.m.	
	01	Driftsutgifter, blir auka med	45 000 000
		frå kr 265 308 000 til kr 310 308 000	
470		Fri rettshjelp (jf. kap. 3470)	
	01	Driftsutgifter, blir auka med	1 700 000
		frå kr 3 084 000 til kr 4 784 000	
	70	Fri sakførsel, blir auka med	17 000 000
		frå kr 155 497 000 til 172 497 000	
	71	Fritt rettsråd, blir auka med	8 000 000
		frå kr 97 153 000 til kr 105 153 000	
471		Statens erstatningsansvar	
	70	Erstatning til valdsoffer, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med	2 500 000
		frå kr 35 000 000 til kr 37 500 000	
	71	Erstatningsansvar m.m., <i>overslagsløyving</i> , blir auka med	10 000 000
		frå kr 68 000 000 til kr 78 000 000	
475		Bubehandling	
	01	Driftsutgifter, blir redusert med	7 000 000
		frå 29 369 000 til kr 22 369 000	
	21	Spesielle driftsutgifter, blir auka med	15 000 000
		frå kr 20 948 000 til kr 35 948 000	
476		Eit historisk og moralsk oppgjer med behandlinga i Noreg av den økonomiske likvidasjonen av den jødiske minoriteten under den 2. verdskrigen	
	70	Sikring av jødisk kultur og framtid i Noreg, blir auka med	17 000 000
		frå kr 0 til kr 17 000 000	
	72	Erkjenningssyting, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med	17 000 000
		frå kr 25 000 000 til kr 8 000 000	

Inntekter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
3410		Rettsgebyr (jf. kap. 410)	
	01	Rettsgebyr, blir auka med	45 000 000
		frå kr 662 454 000 til kr 707 454 000	
	04	Gebyrinntektene til lensmennene, blir auka med	21 000 000

Om endringer på statsbudsjettet for 2000 under diverse kapitler administrerte av Justis- og politidepartementet

		frå kr 91 865 000 til kr 112 865 000	
3430		Kriminalomsorg (jf. kap. 430)	
	02	Inntekter frå arbeidsdrifta, blir redusert med	1 000 000
		frå kr 38 291 000 til kr 37 291 000	
3441		Oslo politidistrikt (jf. kap. 441)	
	03	Salsinntekter, blir redusert med	1 750 000
		frå kr 1 800 000 til kr 50 000	
3449		Statens innkrevjingsssentral (jf. kap. 449)	
	82	Vegadministrasjonsgebyr, blir redusert med	5 000 000
		frå kr 49 000 000 til kr 44 000 000	
	85	Misleghaldne lån i Statens lånekasse, blir auka med	10 000 000
		frå kr 82 500 000 til kr 92 500 000	
3462		Registereininga i Brønnøysund (jf. kap. 462)	
	01	Oppdrag og andre inntekter, blir redusert med	27 300 000
		frå kr 379 300 000 til kr 352 000 000	
3464		Statens Lotteritilsyn (jf. kap. 464)	
	01	Gebyrer, blir redusert med	20 000 000
		frå kr 20 000 000 til kr 0	
3465		Regjeringsadvokaten (jf. kap. 465)	
	01	Erstatning for utgifter i rettssaker, blir auka med	1 500 000
		frå kr 2 422 000 til kr 3 922 000	
3470		Fri rettshjelp (jf. kap. 3470)	
	01	Eigendelar m.m., blir auka med	2 600 000
		frå kr 10 300 000 til kr 12 900 000	
